

Oppfølgingsliste 2/2019

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Sak-nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
19/17	FR – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune	26/04	31.12.2017	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<ol style="list-style-type: none">a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp.b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre:<ol style="list-style-type: none">i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføreii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåingc. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017 <p>FT behandla saka same dag i FT-sak 10/17, og gjorde slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<ul style="list-style-type: none"> a. Vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd. b. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar. c. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga <p>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017</p> <p>Sjå oppfølging i sak 28/18</p>
6/18	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning		27.02.2018	<p>1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.</p> <p>2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført kartlegginga av kulturminne av regional verdi.</p> <p>3. Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018, vedlagt dei omtalte malane i punkt 2c-d.</p> <p>Sjå oppfølging i sak 28/18</p>
56/17	FR Innkjøp - rapport	13/12		<p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> 1. Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet. 2. <ul style="list-style-type: none"> a. Før saka vert handsama på nytt ber kontrollutvalet om at kontrollsjefen utgreier følgjande evt. får gjennomført ei ekstern vurdering, og legg vurderingane inn i saka eller i fleire saker: <ul style="list-style-type: none"> i. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for kjøp av reinhaldstenester ved Sogn Jord- og hagebruksskule, og inkludere denne informasjonen i saka, med framlegg til korleis følgje opp saka.

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>ii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for gjennomføring og seinare avlysing av konkurranse om kjøp av varmesentralar med varmepumpe av type vatn/vatn i fylkeskommunale bygg, og gjere ei vurdering av bakgrunnen for avlysinga.</p> <p>iii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for prosessen og vurderingane med anskaffing av helsevikartenester på vegne av 12 kommunar i Sogn og Fjordane. Spesielt ber kontrollutvalet om ei vurdering av om ein i konkurransegrunnlaget og gjennomføringa av konkurransen har sikra seg tilstrekkeleg mot sosial dumping, og korleis dette vert handtert i kontraktsoppfølginga.</p> <p>b. Kontrollutvalsleiaren vert bedt om å oppmode kontrollutvala i dei 12 berørte kommunane om å stille følgjande spørsmål til sin eigen administrasjon, og melde dette tilbake til kontrollsjefen:</p> <p>i. Kva fullmaktsstruktur har kommunen for å kunne bestille eller delta i rammeavtalar i regi av Innkjøpssamarbeidet i Sogn og Fjordane (SFFI)?</p> <p>ii. Kva vurderingar vart gjort før ein bestemte seg for å være med på rammeavtale om helsevikarar?</p> <p>iii. Korleis har kommunen vurdert drøftingsplikta med dei tillitsvalde, og når har ein gjennomført dette?</p> <p>iv. I kor stor grad har ein nytta seg av rammeavtalen?</p> <p>v. Korleis er kontraktsoppfølginga av kontrakten med tanke på å motverke sosial dumping?</p> <p>vi. Andre relevante spørsmål som kontrollutvalsleiaren, i samråd med kontrollsjefen finn naudsynt.</p> <p>3. Kontrollsjefen får mynde til å nytte seg av revisor eller anna naudsynt intern og/eller ekstern kompetanse i den grad det er naudsynt for å vurdere opplysningane i saka.</p> <p>Kontrollutvalet vil kalle inn administrativ kompetanse som fylkesrådmannen,</p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>økonomisjefen, innkjøpssjefen, bygg- og eigedomssjefen og fylkesdirektør for samferdsle for å svare på spørsmål knytt til funna i forvaltningsrevisjonsrapporten og dei andre sakene i den grad utvalet vurderer det som føremåltenleg. I tillegg vert representant for Fagforbundet og eventuelt andre relevante aktørar invitert til å orientere utvalet. Kontrollutvalsleiar kan i samråd med kontrollsjef vurdere om intervjua/orienteringane skal gjennomførast som ei eiga kontrollhøyring.</p> <p>AVSLUTTA</p>
2/18	FR Innkjøp - tilleggsrapport	27/02		<p>i. Ketil Kvammen har fått bestilling på å svare på tre juridiske spørsmål, frist midten av mars.</p> <p>ii. Sekretariatet blir beden om å lage samanstilling av svar frå kommunane når det rammeavtale om helsevikarar. Frist for svar frå kommunane er sett til 15.3.18</p> <p>iii. Eventuell høyring – Det vart semje om å heller kalle inn fylkesrådmann, økonomidirektør og innkjøpssjef kvar for seg i møte, i motsett rekkefølge, for å svare på spørsmål</p> <p>iv. Forvaltningsrevisjonen vert lagt fram til handsaming i neste møte for vidaresending til fylkestinget</p> <p>AVSLUTTA</p>
14/18	FR Innkjøp - rapport	03/04	Januar 2019	<p>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til etterretning 2. Fylkestinget ser alvorleg på dei avvika som kjem fram i forvaltningsrevisjonen. Fylkestinget meiner og at fylkesrådmannen ikkje har orientert politisk nivå om kapasitets- og ressursituasjonen i innkjøpstenesta på ein tilstrekkeleg måte. 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tiltaka i rapporten slik: <ul style="list-style-type: none"> a. oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk b. syte for at rutinar og retningsliner er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar c. sikre tydelegare krav til kompetanse og tilby føremålstenleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen d. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>e. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekkje brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar</p> <p>f. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutineane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd</p> <p>g. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekka i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane</p> <p>h. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region</p> <p>i. sikre tydelegare krav til bestillarrolla i den nye regionen</p> <p>4. Tiltaka a - g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å løfte desse to siste punkta inn i det førebunde arbeid som pågår i høve etablering av den nye fylkeskommunen.</p> <p>5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde tilbake til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2018.</p> <p>Vedteke i TING 17.04.18 AVSLUTTA</p>
5/18	Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 – Forslag til prosjektplan	27/02		<p>1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i 2017, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.</p> <p>2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.</p> <p>3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.</p> <p>4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.</p> <p>Deloitte meldt om forseinking til nov. 18. Skal bli klar til handsaming i KU 20. nov. Ref. sak 44/18. AVSLUTTA</p>
15/18	Ekstra godtgjersle leiar	03/04		<p>Ekstra godtgjersle til leiar</p> <p>Leiar orienterte om status i saka og at det er fylkestinget som til slutt skal ta avgjerd. IKKJE AVSLUTTA</p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
27/18	Skriv, meldingar og orienteringar KU 040618	04/06		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering frå leiar i kontrollutvalet <ol style="list-style-type: none"> a. Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune orienterte om prosess dei har hatt i høve SEKOM og Vest kontroll når det gjeld sekretariatsordning for deira kommunar. Leiar og nestleiar hadde møte med styreleiarane i selskapa 28.05.2018. Innstillinga til fellesnemnda går som kjent ut på at kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland tilrår at sekretariatsordninga for Vestland fylkeskommune skal organiserast på same måte som i dag, med eigne tilsette i fylkeskommunen. Om det skal vera eit samarbeid med SEKOM og Vest kontroll må det vera på bakgrunn av ein avtale etter ein konkurranse eller vertskommune samarbeid. Vest kontroll har gjort vedtak om at dei vil ha det som i dag. Dei er likevel i dialog med SEKOM og eventuelt andre sekretariat nordover til Møre. SEKOM har ikkje bestemt kva dei vil, men vil melde tilbake over sumaren kva dei vil gå inn for. Det er planlagt nytt møte med SEKOM og Vest kontroll til 02.10.2018. <p style="text-align: center;">Informasjonen frå leiar vart teken til orientering.</p> <p style="text-align: center;">Kontrollsjef mottok 12.2.19 epost frå Arnar Helgheim med informasjon om at SEKOM ikkje ser at det er grunnlag for å gå vidare med samtalar med Vestland fk med tanke på sekretariatssamarbeid for kontrollutvala.</p> <p style="text-align: center;">AVSLUTTA</p>
28/18	Oppfølging – FR kulturminneforvaltning	04/06	April 2019	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekne. 2. Vidare vert det registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i ivareteke ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.</p> <p>3. Utvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.</p>
29/18	Oppfølging – Rapport om oppfølgingstenesta i S&Fj	04/06	November 2018	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang mykje positivt forbetningsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune. 2. Utvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding, inkludert dokumentasjon på tiltaka som gjennomført, innan 30.10.2018. <p>AVSLUTTA</p>
31/18	Prosjektlear/Frm orienterer om status for arbeidet med regionsreforma	04/06	20.11.18	<p>18/6463 - Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. 2. Kontrollutvalet ber om at prosjektlear/fylkesrådmann kjem i møte 20.11.2018 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma. <p>AVSLUTTA</p>
35/18	FR av innkjøp – tilleggsbestilling	04/06	Januar 2019 (ref. sak 14/18)	<p>17/562 - Vedtak:</p> <p>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering. 2. Fylkestinget ber om at funna vert ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp. <p>Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet 12. juni 2018</p> <p>AVSLUTTA</p>
38/18	FR Musea i Sogn og Fjordane – oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18	06/09		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tilbakemeldingane frå fylkesrådmannen og Musea i Sogn og Fjordane vert tekne til vitande. 2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av punkt 3 og 4 til å vere i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 3/18. 3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tydelegare tilbakemelding på punkt 1 og 2 i fylkestingsvedtaket.

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
43/18	FR – Reiseliv - rapport	25/09	Januar 2019	<p>Vedtak: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av reiselivssatsinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune til etterretning. 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen: <ol style="list-style-type: none"> i. Sørgje for å tydeleggjere forholdet mellom ulike sentrale styringsdokument innan reiselivssatsinga, og avklarar ytterlegare kva plandokument og målformuleringar som skal vere styrande for arbeidet innan reiseliv, slik fylkesrådmannen skisserer i høyringsuttalen. ii. Sørgje for å tydeleggjere og operasjonalisere tiltaka i årsplanane ytterlegare, samt tydeleggjere samanheng mellom tiltak for det enkelte år i årsplanane og dei meir langsiktige tiltaka i fireårsplanen/den rullerte Verdiskapingsplanen. iii. Å få etablert eit system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon knytt til dei ulike tiltaka ein planlegg gjennomført det enkelte år. iv. Etablere ei skriftleg skildring av kva oppgåver og ansvar som er lagt til sakshandsamar reiseliv. v. Formaliserer samhandlingsmøta mellom dei sentrale samarbeidspartane til dømes i eit årshjul, og sikrar at dei blir

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>gjennomført i samsvar med intensjonen.</p> <p>vi. Tydeleggjere gjennom sakshandsamingsrutinan e kva vilkår og krav ein vanlegvis skal stille i samband med tildeling av tilskot, og gi tydelegare retningsliner for vilkår og krav utover standardkrava i tråd med høyringsuttalen til fylkesrådmannen.</p> <p>vii. Sørgjer for at tilgjengeleg informasjon om den enkelte tilskotsordning omfattar krav til rapportering for den aktuelle tilskotsordninga.</p> <p>viii. Sikre at vurderingar i samband med sakshandsaminga, dialog med tilskotsmottakarar og gjennomførte aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll blir dokumentert, slik at det i etterkant er mogleg å etterprøve kva som er gjort og kvifor.</p> <p>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 31.12.2018 Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet 19. oktober i FT-sak 34/18.</p>
44/18	Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 25. september 2018	25/09		<p>Vedtak:</p> <p>1. Representantskapsmøte – Trivselshagen IKS</p> <p><i>Det er representasjonsmøte i Trivselshagen 28. september. Kontrollutvalet stiller ikkje på dette møtet, men kontrollsjef vert bedt om å skaffe til veie protokollen etter møtet. Utvalet ba også kontrollsjef om å kalle inn Bygg- og eigedomssjef til neste møte i kontrollutvalet for å</i></p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p><i>orientere om reklamasjonssaka vedr. bassenget.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>2. Orientering frå leiar og kontrollsjef</p> <p>a. Fellesnemnda sitt vedtak i sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune</p> <p><i>Som følgje av vedtaket i fellesnemnda 21. september i sak 34/18 ber kontrollutvalet kontrollsjefen om å, i lag med sekretariatet i Hordaland fylkeskommune, legge fram ein plan for anbudsprosess vedr. val av revisor for den nye fylkeskommunen.</i></p> <p>AVSLUTTA</p>
47/18	FR – Utdannings- og yrkesrådgjeving i vgs-rapport	20/11	Juni 2019	<p>Vedtak:</p> <p>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <p>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning</p> <p>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:</p> <p>1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.</p> <p>2. Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogeleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtalar på initiativ frå rådgjevar.</p> <p>3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetringar knytt til utdanning og</p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>yrkesrettleiinga kan følgjast opp. Under dette:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3 d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag <p>4. Vurdere om og korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.</p> <p>5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfrir tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.</p> <p>6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.</p> <p>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 30.05.2019.</p> <p>Fylkestinget behandla rapporten og vedtok tilrådinga frå KU med endring av ordet utplassering til arbeidspraksis i pkt. 2.3a, og endring av pkt 2.4 til Sikre at</p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				næringslivet, kommunane, vidaregåande skular og rådgjevarane samarbeider og informerer om yrke- og utdanning etter ein heilskapleg plan frå 8.-13. trinnet.
49/18	Val av revisor til Vestland fylkeskommune	20/11		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet tek framlagd plan for anbudsprosess for val av revisor til Vestland fylkeskommune til vitande 2. Kontrollutvalet ber sekretariata legge opp til endeleg val av revisor på fellesnemnda sitt møte 12. september 2019. <p>AVSLUTTA</p>
50/18	FR – Bestilling av prosjekt nov. 18	20/11		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet vedtek å bestille forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik 2. Kontrollutvalet vedtek å bestille prosjektet ut frå vedlagte bestillingsdokument, og ber revisor vurdere problemstillingar og avgrensingar i prosjektplanen 3. Kontrollutvalsleiar får i samråd med kontrollsjef fullmakt til å godkjenne prosjektplanen <p>AVSLUTTA</p>
51/18	Skriv, meldingar og orienteringar 20.11.18	20/11		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Status finansiell revisjon v/SF revisjon IKS <p>SF revisjon orienterte om status for finansiellrevisjon. Revisjonen orienterte også om gjennomført kvalitetskontroll, der SF revisjon IKS fekk karakter godkjent. Status og orientering vart tekne til vitande.</p> <p>Kontrollutvalet ba sekretariat og SF revisjon IKS utarbeide avtale om finansiell revisjon 2019, med ferdigstilling våren 2020. Avtalen leggst fram for politisk handsaming våren 2019.</p> 2. Orientering frå leiar og kontrollsjef <ol style="list-style-type: none"> a. Desisjon av møtebøker for fellesnemnda <p>Kontrollutvalet ba sekretariatet om å starte opp arbeidet med desisjon av møtebøkene frå</p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>Fellesnemnda sine møte.</p> <p>b. Sekretariata i fylket</p> <p>Leiar og nestleiar i kontrollutvalet i tillegg til kontrollsjef er engasjert i arbeidet med eit nærare samarbeid mellom kontrollutvalssekretariata i fylket. Neste møte er 6. desember.</p> <p>AVSLUTTA</p> <p>c. Relasjonen mellom kontrollutvalet og fylkestinget vart drøfta.</p> <p>d. Godtgjersle etter ekstrainsats vinteren 2018. Møtet vart lukka. Saka er unntatt off. § 13.</p>
59/18	FR – Informasjonstryggleik – evt. kanselleringa av prosjektet	21/12		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet vedtek å avlyse forvaltningsrevisjonsprosjektet av informasjonstryggleik no. 2. Kontrollutvalet ber kontrollsjef om å sende bestilling på forvaltningsrevisjon av mobbing/psykososialt læringsmiljø til Deloitte, der det vert bedt om utarbeiding av prosjektplan til kontrollutvalet sitt møte 11. februar 2019 <p>AVSLUTTA</p>
1/19	FR – Trygt og godt skulemiljø - prosjektplan	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Framlagd prosjektplan vert godkjent slik den ligg føre.
2/19	Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala	11/02	15. mai	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018, med utgangspunkt i vedlagde forslag til prosjektplan 2. Samla timetal på inntil forslaget i prosjektplanen vert akseptert 3. Kontrollutvalet ber om ferdig verifisert rapport med fylkesrådmannen sin uttale innan 15. mai
3/19	Skriv, meldingar og orienteringar KU 11. februar 2019	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte <ol style="list-style-type: none"> 1. FR HMT og inkluderande arbeidsliv

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p><i>Utvalet vart orientert om status for forvaltningsrevisjonen. Rapport vert levert seinast 18. mars 2019. Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>2. Status finansiell revisjon v/SF revisjon IKS</p> <p><i>Marianne Vara orienterte om status for finansiell revisjon. Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>3. Fylkeskommunen si oppseiing av deltakarforholdet i SF revisjon IKS</p> <p><i>Vedlagte oppseiing av deltakarforholdet vart teken til orientering.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>4. Oppfølging av arbeidsmiljølova</p> <p><i>Dokumenta som var utsendt i samband med dette punktet vart vurdert som offentlege av kontrollutvalet.</i></p> <p><i>Vedtak:</i></p> <p>a. <i>Kontrollutvalet ber kontrollsjef stille i hovudsamarbeidsutvalet sitt møte 20. februar i samband med utvalet si handsaming av sak om oppfølging av arbeidsmiljølova.</i></p> <p>5. Samanslåing til Vestland fylkeskommune – rolla til fylkeshovudvernombudet i Sogn og Fjordane.</p> <p><i>Vedtak:</i></p> <p>a. <i>Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune oppfordrar om at fylkeshovudverneombudet</i></p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p>(FHVO) i Sogn og Fjordane vert informert, og får høve til å gje sine innspel i omstillingsprosessen i tråd med AML §4-2(3).</p> <p>b. Vedtaket sendast til prosjektleiar.</p> <p>AVSLUTTA</p> <p>6. Trivselshagen IKS - Orientering om organisasjonsform og struktur i selskapet i tillegg til orientering om reklamasjonssaka vedr. bassenget. v/dagleg leiar Anniken Rygg</p> <p><i>Dagleg leiar og styreleiar orienterte om status for reklamasjonssaka vedr. bassenget. Reklamasjonssaka mot entreprenøren er avslutta etter forlik. Erstatningskrav frå eigarane er ikkje ferdig handsama. Utvalet fekk i tillegg orientering om organisasjonsform og struktur i selskapet.</i></p> <p><i>Kontrollsjefen kontaktar SEKOM for eventuell felles selskapskontroll av selskapet.</i></p> <p><i>Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p>7. Hallgeir Hansen, rektor på Firda vgs vil orientere om skulen.</p> <p><i>Rektor orienterte om Firda vidaregåande skule. Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>8. Medlemsnytt frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)</p> <p><i>Det er sendt ut to høyringar frå FKT. Den eine er høyring – ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift. Den andre er høyringsutkast - veileder for kontrollutvalet sitt påsjå ansvar overfor revisor. Kontrollutvalsleiar oppfordrar medlemmane i</i></p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				<p><i>kontrollutvalet om å sende sine høyringsinnspel til kontrollsjefen innan 10. mars 2019, slik at leiar i kontrollutvalet i samråd med kontrollsjef kan få utarbeidd høyrings svar frå kontrollutvalet for oversending til FKT innan 15. mars.</i></p> <p>9. Godtgjersle til folkevalde 2019</p> <p><i>Skrivet vart teke til orientering.</i> AVSLUTTA</p> <p>10. Orientering frå leiar og kontrollsjef</p> <p><i>Nestleiar i utvalet, Odd Atle Stegegjerdet, orienterte om kontrollutvalskonferansen 30. – 31. januar i år der fleire spanande tema var sett på dagsorden. Eksempelvis vart både Tolga-saken og Boligbygg-saken belyst frå presse og kontrollutval si side på konferansen. Orienteringa vart teke til vitande.</i> AVSLUTTA</p>
4/19	Konkurransesutsetting av revisjonstenestene for Vestland fk – forslag til konkurransegrunnlag	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Framlagt konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vart vedteke. 2. Kontrollsjefen får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vart sendt ut. <p>AVSLUTTA</p>
5/19	Budsjett for kontrollutvalet i Vestland fk for 2020	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune vart på bakgrunn av det som kjem fram i møtet beden om å leggje fram forslag til budsjett for kontrollutvalet for 2020 til møte som skal haldast 06.05.2019 <p>AVSLUTTA</p>
6/19	Reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune vart på bakgrunn av det som kjem fram i møtet beden om å leggje fram forslag til reglement for kontrollutvalet til møte som skal haldast 01.04.2019, eventuelt i møte 06.05.2019. <p>AVSLUTTA</p>

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
7/19	Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet tilset kontrollsjef. 2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen. 3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag. 4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke. 5. Sekretariatet har sete i Bergen og Leikanger. 6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet <p>Saka vart behandla i fellesnemnda 13. mars, der nemnda vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i Hordaland fk.</p> <p>AVSLUTTA</p>
8/19	Kontrollutvalet – Budsjett 2019 – Disponering av vedteken budsjetttramme	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjetttramma 2019 til vitande <p>AVSLUTTA</p>
9/19	Kjøp av finansiell revisjon og eigarskapskontroll 2019 – bestilling	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 678 319 vert godkjent og sendt SF revisjon IKS <p>AVSLUTTA</p>
10/19	Selskapskontroll 2018 – Rapport etter eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Rapport etter eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater vert teken til etterretning. <p>AVSLUTTA</p>
11/19	Årsplan kontrollutvalet 2019	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet tek framlagd årsplan til etterretning. <p>AVSLUTTA</p>
12/19	Oppfølgingsliste 1-2019	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Oppfølgingsliste 1 – 2019 vert teken til vitande <p>AVSLUTTA</p>
13/19	FR Innkjøp – oppfølging av vedtak i FT-sak 2/18	11/02		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet viser til fylkesrådmannen sitt notat som viser at alle tiltaka enten er

Sak- nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
				ferdig utført eller er i ferd med å bli utført 2. Kontrollutvalet viser til fylkesrådmannen sitt notat som også viser til gjennomført oppfølging av funna i tilleggssaka, FT-sak 12/18. 3. Kontrollutvalet vurderer med dette forvaltningsrevisjonen av innkjøp til å vere ferdig oppfølgt AVSLUTTA

Oppdatert 20.03.19